



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund Kro
Dato:	18.12.2008
Tid:	12:00 JULEMIDDAG CA. KL. 16:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/87	Underskrift	
PS 08/88	Godkjenning av protokoll	
PS 08/89	Referatsaker Open post	
PS 08/90	Val av politisk representant i prosjektgruppe til Kvalitetskommuneprogrammet	2008/556
PS 08/91	Endring i selskapsavtale med Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS	2008/638
PS 08/92	Avtale om gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg med Molde kommune, Brann –og redningstenesten	2008/598
PS 08/93	Eigenbetaling for hjelp i heimen 2009	2008/617
PS 08/94	Husleige for omsorgsbustader/trygdebustader, Fjordstua og Lønn – 2009	2008/618
PS 08/95	Abonnementutsavgift for tryggleiksalarm – 2009	2008/639
PS 08/96	Betalingssatsar i Midsund kulturskule 2009	2008/623
PS 08/97	Betalingssatsar skulefritidsordninga 2009	2008/632
PS 08/98	Betalingssatsar i vaksenopplæringa 2009	2008/634
PS 08/99	Satsar for godtgjersle for ettersøk og handtering av skada vilt og fallvilt	2008/647
PS 08/100	Gebyr for renovasjon og slamtømming 2009 (ettersendast)	2008/657
PS 08/101	Budsjett 2009 – Økonomiplan 2009-2012	2008/561

Midsund, 10.12.08

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/87 Underskrift

PS 08/88 Godkjenning av protokoll

PS 08/89 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/556-3

Arkiv: 031

Saksbeh: Frank Westad

Dato: 04.12.2008

Saksframlegg

Val av politisk representant i prosjektgruppe til Kvalitetskommuneprogrammet

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/90	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Som politisk representant i prosjektgruppa til Kvalitetskommuneprogrammet blir valt:

Saksutgreiing:

Midsund kommune er teke opp i kvalitetskommuneprogrammet.

Det skal vere ei prosjektgruppe som er samansett av to folkevalde, to tillitsvalde og to tilsette.

Den eine folkevalde er ordføraren, og Kommunestyret må velje den andre.

Det vert elles vist til vedlegg om innhaldet i kvalitetskommuneprogrammet.

Frank Westad
Konst. rådmann

Vedlegg (prenta): Skriv datert 2.12.2008 frå Kvalitetskommuneprogrammet.

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/638-2
Arkiv: 026
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 28.11.2008

Saksframlegg

Endring i selskapsavtale med Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/68	Formannskapet	03.12.2008
08/91	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vedtek endring i selskapsavtalen § 17 a slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Midsund kommune vedtek endring i selskapsavtalen § 17 a slik det ligg føre.

Saksutgreiing:

I sak 12/08 gjorde representantskapet følgjande vedtak om endring av § 17 a i selskapsavtale for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS:

Årleg tilskott pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følgje eigardel etter § 4 med eit tillegg på 2 % av utgiftene til fordeling for Ålesund kommune og 1 % for dei andre kommunane med meir enn 6 000 innbyggjarar. For kommunar under 3 000 innbyggjarar blir det gitt eit frådrag på 1 % med unntak av Sandøy og Stordal kommune der frådraget utgjer 1,5 %. Ved over- og eller underfakturering på 10 % eller meir for budsjettert medgått tid, vil korrigerings av faktura bli gjort.

Følgjande oppsett viser konsekvens for Midsund kommune:

Fordeling etter eigardel korrigert for tillegg/frådrag	Etter medgått tid (stipulert)	Sum
50 000 - 13 000	45 000	82 000

Etter selskapsavtalen § 21, skal forslaget til endring bli lagt fram for Kommunestyret for endeleg avgjersle.

For 2008 var kostnadane knytt til IKS-samarbeidet på kr 49 000,-.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Endringa fører til ein auka kostnad på kr 33 000,- for 2009.

Frank Westad
Konst.rådmann

Vedlegg (uprenta):

Skriv frå SK IKS

Særutskrift går til:

SK IKS



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/598-2
Arkiv: M88
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 24.11.2008

Saksframlegg

Forlening av avtale om gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg med Molde kommune, Brann -og redningstenesten

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/69	Formannskapet	03.12.2008
08/92	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre vedtek avtalen datert 24.11.08 med Molde kommune, brann- og redningstenesten og vidarefører samarbeidet på feiing 2009 og 4 år framover.

Avtalen gjelder for 4 nye år av gangen om ingen av partane seier opp avtalen. Eventuell oppseiing må vere skriftleg med 1 års varsel. (jfr. Punkt 7. Ikrafttreden)

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Midsund kommunestyre vedtek avtalen datert 24.11.08 med Molde kommune, brann- og redningstenesten og vidarefører samarbeidet på feiing 2009 og 4 år framover.

Avtalen gjelder for 4 nye år av gangen om ingen av partane seier opp avtalen. Eventuell oppseiing må vere skriftleg med 1 års varsel. (jfr. Punkt 7. Ikrafttreden)

Saksutgreiing:

Midsund kommune (MiK) har hatt avtale med Molde kommune, Brann - og redningstenesten frå 2005 til 2008.

Den 31.10.08 kom Molde kommune, Brann - og redningstenesten med tilbod om ny avtale frå 2009 og 4 år framover.

Punkt 6. Kompensasjon

”Gebyrene justeres årleg i forhold til generelle pris- og lønnsvekst. Justeringen for Midsund kommune skal ikkje vere høgere enn tilsvarande justering for Molde kommune”

Vurdering:

Midsund kommune har 772 piper som skal feiast anna kvart år.

For 2009 la vi som var avtalt med Brann - og redningstenesten inn ein pris på kr. 232.- pr pipe.

Etter den tid starta vi arbeidet med ny avtale for 2009 og 4 år utover. Da den nye avtalen kom i november var denne satsen auka til kr. 258, dette gjev ein negativ differanse kr 12 pr. pipe

For å ikkje ta opp gebyret på nytt for 2009 set vi av til eit negativt fond på kr. 9.264,- , som blir tatt inn igjen i 2010.

Brann - og redningstenesten sier at grunnen til auken i avtalen kjem av auka driftsutgifter.

Brann - og redningstenesten ved feietenesten har i dei siste åra arbeid med å få betre rutinar slik at det gjenspeilar seg i arbeidet som blir gjort.

Anbefalar at ein held fram med samarbeidet og godkjenner avtalen.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Auka utgifter på feiing med kr 9.264 frå 2010 og utover. (Sjølvkostrekneskap)

Frank Westad
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Avtale datert 24.11.08

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Molde brann- og redningstjeneste Birger Hatlebakksveg 30
6415 Molde



Midsund kommune
Heimebasert omsorg

Arkivsak: 2008/617-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Leif Arne Lagesen
Dato: 20.11.2008

Saksframlegg

Eigenbetaling for hjelp i heimen 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/35	Eldrerådet	15.12.2008
08/11	Kommunalt råd for funksjonshemma	15.12.2008
08/73	Formannskapet	03.12.2008
08/93	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vedtek justering av eigenbetaling for praktisk bistand med følgjande satsar for 2009.

Nettoinntekt før særfrådrag

	Abonnement pr. mnd	Timesats
Inntil 2 G	kr. 150,- (fastsett av staten)	
2 – 3 G	kr. 616,-	kr. 180,-
3 – 4 G	kr. 1006,-	kr. 180,-
4 – 5 G	kr. 1.347,-	kr. 180,-
5 G →	kr. 1.628,-	kr. 180,-

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Midsund kommune vedtek justering av eigenbetaling for praktisk bistand med følgjande satsar for 2009.

Nettoinntekt før særfrådrag

	Abonnement pr. mnd	Timesats
Inntil 2 G	kr. 150,- (fastsett av staten)	
2 – 3 G	kr. 616,-	kr. 180,-
3 – 4 G	kr. 1006,-	kr. 180,-
4 – 5 G	kr. 1.347,-	kr. 180,-
5 G →	kr. 1.628,-	kr. 180,-

Saksutgreiing:

Kommunen har etter lov og forskrifter høve til å krevje vederlag for hjelp i heimen (sosiale tenester/praktisk bistand). Det er Stortinget som til ei kvar tid fastsett betalingsatsen for dei med inntekt *under* 2G, jfr. Rundskriv I-4/2001.

Dei med inntekt *utover* 2G kan kommunen sjølv fastsette betalingsats for. Vederlaget kan ikkje overstige kommunen sine egne utgifter til tenestene.

Vurdering:

Pr. 01.05.08 er 1G sett til kr. 70.256,-. 2G blir då kr. 140.512,-. Satsen aukar pr. 01.05 kvart år (eksempelvis var 1G i år 2000 kr. 49.050,-).

Pr. i dag er det ca. 45 brukarar som har nettoinntekt før særfrådrag *under* 2G og har ein eigenandel på kr. 150,- pr. mnd, medan det er ca. 10 brukarar som har nettoinntekt før særfrådrag *over* 2G og betaler etter abonnement pr. mnd.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune vil for år 2009 foreslå ei auke på 4 % i abonnement/timesats utover 2G. Sakshandsamar vurderer ei slik justering av eigenbetaling som rimeleg, sett i samanheng med kostnadene kommunen har, mellom anna i form av lønsauke.

Administrasjonen vil difor foreslå ei auke i satsane som vist nedanfor;

Nettoinntekt før særfrådrag

	Abonnement pr. mnd	Timesats
Inntil 2 G	kr. 150,- (fastsett av staten)	
2 – 3 G	frå kr. 592,- til kr. 616,-	frå kr. 173,- til kr. 180,-
3 – 4 G	frå kr. 967,- til kr. 1006,-	frå kr. 173,- til kr. 180,-
4 – 5 G	frå kr. 1.295,- til kr. 1.347,-	frå kr. 173,- til kr. 180,-

5 G →	frå kr. 1.565,- til kr. 1.628,-	frå kr. 173,- til kr. 180,-
-------	---------------------------------	-----------------------------

Frank Westad
Konstituert rådmann

Leif Arne Lagesen
Einingsleiar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:
Økonomiavdelinga
Butenesta
Heimebasert omsorg



Midsund kommune
Heimebasert omsorg

Arkivsak: 2008/618-1

Arkiv: 231

Saksbeh: Leif Arne Lagesen

Dato: 20.11.2008

Saksframlegg

Husleige for omsorgsbustader/trygdebustader, Fjordstua og Lønn - 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/36	Eldrerådet	15.12.2008
08/12	Kommunalt råd for funksjonshemma	15.12.2008
08/74	Formannskapet	03.12.2008
08/94	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune justerer opp husleigesatsane for omsorgsbustader/trygdebustader, "Fjordstua" og Lønn med 4% frå 2008 til 2009.

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Midsund kommune justerer opp husleigesatsane for omsorgsbustader/trygdebustader, "Fjordstua" og Lønn med 4% frå 2008 til 2009.

Saksutgreiing:

For bustadene på 'Fjordstua' og omsorgsbustadene/trygdebustadene, nyttar ein omgrepet brutto og netto husleige.

Netto husleige; ein eventuell bustønad frå Husbanken gjeng direkte til kommunen og blir trekt frå brutto husleige.

Netto husleige blir også justert ut frå personleg økonomi.

Bebuarane på 'Lønn' får bustønaden sjølve og betalar brutto husleige.

Ei auke på 4 % av satsane vil gje følgjande husleige i 2008;

1. Brutto husleige for bukollektivet 'Fjordstua' og for enkelthusvære i trygde- og omsorgsbustader;

kr. 5.284,- pr. mnd. når det bur ein person i husværet,

kr. 7.085,- pr. mnd. når ektepar eller to personar bur saman.

2. Bebuarane betalar ei berekna husleige, og ein eventuell bustønad blir transportert direkte til kommunen.

For 2008 betalar leigetakarane ei berekna netto husleige på

kr. 1.737,- pr. mnd for einslege,

kr. 2.783,- pr. mnd for ektepar eller to som bur saman.

For eventuell inntekt som overstig minstepensjon betalar leigetakarane eit tillegg i husleiga på 40 % av nettoinntekt (bruttoinntekt minus skatt som overstig minstepensjon).

3. Leigetakarane som betalar meir enn minstesatsen for heimetenester, får redusert eigenandel dersom dei får mindre disponibelt enn leigetakarar med lågare inntekt.

4. Husleiga i bustaden 'Lønn' år 2009:

kr. 5.284,- for dei minste husværa,

kr. 5.284,- for avlastningshusværet når det bur ein person, og

kr. 3.684,- for kvar når to deler husvære.

Vurdering:

Administrasjonen foreslår å auke satsane med 4 %, jfr. auke i konsumprisindeks, frå 2008 til 2009.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ei auke på 4 % av satsane vil gje følgjande husleige i 2009;

Brutto husleige for bukollektivet 'Fjordstua' og for enkelthusvære i trygde- og omsorgsbustader;

1. kr. 5.495,- pr. mnd. når det bur ein person i husværet,

kr. 7.368,- pr. mnd. når ektepar eller to personar bur saman.

2. Bebuarane betalar ei berekna husleige, og ein eventuell bustønad blir transportert direkte til kommunen.
3. For 2009 betalar leigetakarane ei berekna netto husleige på
kr. 1.807,- pr. mnd for einslege,
kr. 2.894,- pr. mnd for ektepar eller to som bur saman.

For eventuell inntekt som overstig minstepensjon betalar leigetakarane eit tillegg i husleiga på 40 % av nettoinntekt (bruttoinntekt minus skatt som overstig minstepensjon).

4. Leigetakarane som betalar meir enn minstesatsen for heimetenester, får redusert eigenandel dersom dei får mindre disponibelt enn leigetakarar med lågare inntekt.
5. Husleiga i bustaden 'Lønn' år 2009:

kr. 5.495,- for dei minste husværa,
kr. 5.495,- for avlastningshusværet når det bur ein person, og
kr. 3.831,- for kvar når to deler husvære.

Frank Westad
konstituert rådmann

Leif Arne Lagesen
Einingsleiar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:
Heimebasert omsorg
Butenesta
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Heimebasert omsorg

Arkivsak: 2008/639-1

Arkiv:

Saksbeh: Leif Arne Lagesen

Dato: 28.11.2008

Saksframlegg

Abonnementsavgift for tryggleiksalarm - 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/37	Eldrerådet	15.12.2008
08/75	Formannskapet	03.12.2008
08/95	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Abonnementsavgift for 2009 blir kr. 1541,-

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Abonnementsavgift for 2009 blir kr. 1541,-

Saksutgreiing:

Vedtak i kommunestyret – 21.02.2008:

Midsund kommune kjøper 40 tryggleiksalarmar av type Attendo Caresse.

Abonnementsavgift for 2008 blir kr. 1.459,-.
Alarmane vert knytt opp mot alarmsentralen i Molde.

Vurdering:

Alarmsentralen i Molde har økt månadspris frå kr. 90,- til kr. 96,-.
Det gir ein meirkostnad på kr. 72,- pr. år pr. alarm.
Administrasjon sitt gebyr pr. år var satt til kr. 100,-. Administrasjonskostnaden er noko høgare p.g.a lønnsoppgjør og bilagsføring. Betalingsatsen blir auke med kr. 10,- til kr. 110,- pr. år.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Antall:	40
Kostpris pr. stk.	2 790
Total investering:	111 600
Avskrivningstid:	10
Adm. gebyr pr. år:	100
Brannvakta pr. måned:	90
Pris pr. alarm/år:	1 459

Investeringa vert innarbeidd i budsjettendring I/2008.

Frank Westad
Kont. rådmann

Leif Arne Lagesen
Einingsleiar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Teknisk
Heimetenesta
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/623-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 21.11.2008

Saksframlegg

Betalingssatsar i Midsund kulturskule 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/71	Formannskapet	03.12.2008
08/96	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Betalingssatsane i kulturskulen 2009 blir sett til:

1. Vanleg sats kr 2 300 pr. elev, kr 1 150 pr. semester
2. Moderasjonssats:
 - Gruppeundervisning: 25% moderasjon – kr 1 725 å betale pr. år
 - Søskenmoderasjon: 2, barn – 20% moderasjon – kr 1 840 å betale pr. år
 - 3, barn – 30% moderasjon – kr 1 610 å betale pr. år

Ved fleire barn: ytterlegare 10% moderasjon for kvart barn

3. Leige av instrument: kr 500 pr. år, kr 250 pr. semester

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Betalingssatsane i kulturskulen 2009 blir sett til:

1. Vanleg sats kr 2 300 pr. elev, kr 1 150 pr. semester
3. Moderasjonssats:
 - Gruppeundervisning: 25% moderasjon – kr 1 725 å betale pr. år

- Søskenmoderasjon: 2, barn – 20% moderasjon – kr 1 840 å betale pr. år
- 3, barn – 30% moderasjon – kr 1 610 å betale pr. år

Ved fleire barn: ytterlegare 10% moderasjon for kvart barn

3. Leige av instrument: kr 500 pr. år, kr 250 pr. semester

Saksutgreiing:

Det vert lagt fram forslag om å auke den vanlege satsen med kr 100, frå kr 2 200 til kr 2 300. Ein legg dessutan inn ein søskenmoderasjon relatert til talet på born i familien som nyttar kulturskuletilbodet.

Leige av instrument blir ikkje heva for 2009

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Frank Westad
konstituert rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Midsund Kulturskule
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/632-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 27.11.2008

Saksframlegg

Betalingssatsar skulefritidsordninga 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/70	Formannskapet	03.12.2008
08/97	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

- a) Frå kl. 07.30 til skulestart og frå skulestart til kl. 16.30 dei fire dagane det er skule:
kr 1 120.
- b) Same tilbodet aom under a), og med heile fridagen i tillegg frå kl. 07.30 til kl. 16.30:
kr 1 840.
- c) Berre tilbodet på fridagen i skulen si ordinere opningstid: kr 480.
- d) Timesatsen for å nytte "Drop-in" – ordninga: kr 50.
- e) Opningstid haust- og vinterferie kr 180 pr. dag.

Dei nye betalingsattsane skal gjelde frå 1. januar 2009.

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

*Korrigerig i pkt. a): Frå kl. 07.30 til skulestart og frå **skuleslutt** til...*

Forslag med korrigerig i pkt. a) samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

- a) Frå kl. 07.30 til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30 dei fire dagane det er skule:
kr 1 120.
- b) Same tilbodet aom under a), og med heile fridagen i tillegg frå kl. 07.30 til kl. 16.30:
kr 1 840.

- c) Berre tilbodet på fridagen i skulen si ordinere opningstid: kr 480.
- d) Timesatsen for å nytte "Drop-in" – ordninga: kr 50.
- e) Opningstid haust- og vinterferie kr 180 pr. dag.

Dei nye betalingsattsane skal gjelde frå 1. januar 2009.

Saksutgreiing:

Det har vore fokus på betalingsattsane i SFO i media.

Prisen for SFO viser seg å variere frå kommune til kommune. No i haust kom Midsund ut med dei høgaste prisane i Sunnmørspostens dekningsområde.

Behovet for Sfo-tilbod vil nok auke. Dette m.a som ei følge av at begge foreldra er yrkesaktive, folk flyttar på seg og mange ikkje har slekt og venner som kan sjå til barna før og etter skuletid og i haust- og vinterferiar.

Som ei prøveordning vart det i haustferien gitt tilbod om

Sfo. Ein dag var det åtte som nytta tilbodet. Dei andre dagane var det færre enn fem som hadde behov for tilbod, jfr vedtektene, og tilbodet vart ikkje sett igong.

Prisen på tenesta vil påverke etterspurnaden – ved å senke prisen kan fleire nytte seg av tilbodet og kommunen sikrar inntektene. Grunna for få som har meldt interesse/behov, er det inneverande skuleår Sfo- tilbod berre på elevane sin fridag.

Ved utrekning av Sfo-prisar har ein tidlegare teke utgangspunkt i barnehagesattsane og rekna seg fram til ein timepris som ein legg til grunn for utrekninga av sattsane. I år er timeprisen kr 25

Det har kome politiske signal om at ein må gjere noko med Sfo- prisane. Dei foreslåtte sattsane har ein kome fram til ved å redusere timeprisen med fem kr til kr 20.

I forslaget har ein lagt til grunn ein timepris på kr 20, dvs. ein reduksjon på 20% i høve til inneverande år.

Dei minste elevane ved Raknes skule har noko gratis Sfo "innbakt" i skuletida (1.5 t pr veke 1. årssteg og 1t pr.veke 2. årssteg)

Vedtektene bør reviderast.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Det er vanskeleg å budsjettere her då ein er avhengig av kor mange som har behov og som vil gjere seg nytte av tilbodet. I budsjettet har ein teke utgangspunkt i dagens nivå, dvs tilbod på elevane sin fridag.

Utifrå kommunen sin økonomiske situasjon kunne ein ha forslått auke i satsane og gjennom det fått auka inntekter. Det kan vere ein samanheng mellom pris og etterspurnad, dvs at ein reduksjon i pris, kan føre til at fleire nyttar seg av tilbodet og gjennom det sikrar inntektene.

Frank Westad
konstituert rådmann

Ketil Ugelvik
Rådgjevar skule

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Raknes skule
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/634-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 28.11.2008

Saksframlegg

Betalingssetar i vaksenopplæringa 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/72	Formannskapet	03.12.2008
08/98	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

1. Deltakarar i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap som er omfatta av den nye tilskotsordninga av 1. september 2005 – som har plikt, men ikkje rett til slik opplæring, betaler 1800 kr pr. semester.
Beløpet kan delast i månadlege avdrag. Avtale må deltakaren gjere med økonomiavdelinga i kommunen.

Kjem deltakarar med etter at semesteret er starta, skal dei i utgangspunktet betale 30 kr for kvar time dei er med i undervisninga.
Ansvarleg for vaksenopplæringa avgjer om deltakaren skal betale ei semesteravgift på 1800 kr eller ein timesats på 30 kr sett i forhold til når i semesteret deltakaren kom med i undervisninga.
2. For andre kurs som vaksenopplæringa står ansvarleg for, og som ikkje er omfatta av tilskotsordninga nemnt under punkt 1, betaler deltakarane etter sjølvkostprinsippet. Skriftleg avtale om slik undervisning skal gjerast mellom oppdragsgjevar og kommunen.
3. Deltakarar som startar i opplæring før arbeids – og opphaldsløyve er formelt godkjent, betalar sjølv for undervisninga med 30 kr pr. deltatt time. Desse timane blir ikkje godskrivne i NIR.
Viss desse deltakarane har behov for undervisning utover 300 timar, vil all undervisning bli tatt omsyn til ved nytt vedtak.

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

1. Deltakarar i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap som er omfatta av den nye tilskotsordninga av 1. september 2005 – som har plikt, men ikkje rett til slik opplæring, betaler 1800 kr pr. semester.
Beløpet kan delast i månedlege avdrag. Avtale må deltakaren gjere med økonomiavdelinga i kommunen.

Kjem deltakarar med etter at semesteret er starta, skal dei i utgangspunktet betale 30 kr for kvar time dei er med i undervisninga.

Ansvarleg for vaksenopplæringa avgjer om deltakaren skal betale ei semesteravgift på 1800 kr eller ein timesats på 30 kr sett i forhold til når i semesteret deltakaren kom med i undervisninga.

2. For andre kurs som vaksenopplæringa står ansvarleg for, og som ikkje er omfatta av tilskotsordninga nemnt under punkt 1, betaler deltakarane etter sjølvkostprinsippet. Skriftleg avtale om slik undervisning skal gjerast mellom oppdragsgjevar og kommunen.
3. Deltakarar som startar i opplæring før arbeids- og opphaldsløyve er formelt godkjent, betalar sjølv for undervisninga med 30 kr pr. deltatt time. Desse timane blir ikkje godskrivne i NIR.
Viss desse deltakarane har behov for undervisning utover 300 timar, vil all undervisning bli tatt omsyn til ved nytt vedtak.

Saksutgreiing:

I Midsund kommune er mange ulike nasjonalitetar representerte. Av desse kjem flyktingene frå 2 nasjonar.

1. januar 2004 kom ei lov som sa at arbeidsinnvandrarar frå EØS – området ikkje lenger hadde rett til gratis opplæring.

1. september 2005 kom ei lov om obligatorisk gjennomføring av 250 timar norskopplæring og 50 timar samfunnskunnskap som eit vilkår for å få innvilga busetjingsløyve og statsborgarskap. Dei 50 timane skal vere på eit språk som eleven forstår og kome tidleg i opplæringa. Samstundes vart finansieringsordninga endra. Den er no basert på per capita – prinsippet.

Dei som vert omfatta av den nye lova kan delast i tre ulike kategoriar :

- personar med rett og plikt
- personar med rett
- personar med plikt men ikkje rett

Deltakarane i første gruppe får støtte frå staten etter per capita – prinsippet, noko som får uheldige konsekvensar for små kommunar med få deltakarar.

Deltakarane i den andre og tredje gruppa må sjølv betale for undervisninga.

Praksis så langt har vore at deltakarane skulle ha betalt 3000 kr. pr. semester. Grunna ein pressa økonomi i vaksenopplæringa har ein ikkje funne det mogleg å gje deltakarane dei timane beløpet er rekna ut etter. Difor har ein redusert betalinga til 1800 kr. pr semester. Kjem dei inn etter semesterstart, må ein vurdere om dei skal betale full semesteravgift eller kronebeløp for den undervisninga dei deltek i.

For deltakarar som berre er med i undervisningsopplegg for kortare tid, til dømes begynnarkurs, har kommunen berekna 30 kr. pr. deltatt time.

Vel desse å fortsette utover begynnarkurs, betalar dei 1800 kr pr. semester.

Frank Westad
konstituert rådmann

Ketil Ugelvik
Rådgjevar skule

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Vaksenopplæringa
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/647-1
Arkiv: K40
Saksbeh: Oddny Grete Gangstad
Dato: 03.12.2008

Saksframlegg

Satsar for godtgjersle for ettersøk og handtering av skada vilt og fallvilt

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/77	Formannskapet	03.12.2008
08/99	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Satsar for godtgjersle for ettersøk og handtering av skada vilt og fallvilt gjeldande frå 01.05.2008.

Løn: Løna vert knytta til HTA, ”stillingar utan særleg krav til utdanning med 10 års ansiennitet” og overtidsbestemmelsane i HTA skal følgjast.

Ettersøkshund: Halv timeløn (sjå pkt.løn) i tillegg ved nødvendig bruk av hund.

Reiseutgifter/bil: Blir refundert etter kommunalt regulativ.

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

Satsar for godtgjersle for ettersøk og handtering av skada vilt og fallvilt gjeldande frå 01.05.2008.

Løn: Løna vert knytta til HTA, ”stillingar utan særleg krav til utdanning med 10 års ansiennitet” og overtidsbestemmelsane i HTA skal følgjast.

Ettersøkshund: Halv timeløn (sjå pkt.løn) i tillegg ved nødvendig bruk av hund.

Reiseutgifter/bil: Blir refundert etter kommunalt regulativ.

Saksutgreiing:

Satsane for godtgjersel for ettersøk og handtering av skada vilt og fallvilt har ikkje vore behandla sidan 2005. Vi legg no opp til at løna (timeløna) vert knytt opp til HTA og stillingsregulativet, då vil årsløna for ettertida bli regulert i tilknytning til vanleg lønsvekst. Årsløn for stillingar utan særleg krav om utdanning med 10 års ansiennitet er kr. 280 000,- og timeløna vil då bli kr. 143,50.

Frank Westad
konst. rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Satsar for 2005

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Viltnemnda
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/657-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Oddny Grete Gangstad
Dato: 09.12.2008

Saksframlegg

Gebyr for renovasjon og slamtømming 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/100	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Frank Westad
konst.rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Renovasjonsgebyr 2009

Slamtømmingsgebyr 2009
Renovsjosonsgebyr 2008
Slamtømmingsgebyr 2008

Vedlegg (uprenta): Komplet saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga
RIR



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/561-5
Arkiv: 150
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 28.11.2008

Saksframlegg

Budsjett 2009 - Økonomiplan 2009-2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/76	Formannskapet	03.12.2008
08/38	Eldrerådet	15.12.2008
08/58	Ungdomsrådet	10.12.2008
08/13	Kommunalt råd for funksjonshemma	15.12.2008
08/101	Kommunestyret	18.12.2008

Forslag til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 03.12.2008

Formannskapet fremma følgjande fellesforslag:

- 1. Kommunestyret i Midsund vedtek økonomiplanen for perioden 2009 - 2012 i samsvar med framlegget frå formannskapet med dei endringar som er vedtatt i kommunestyremøtet.*
- 2. Kommunestyret i Midsund vedtek budsjettet for år 2009 i samsvar med framlegget frå formannskapet med endringar vedtatt i kommunestyremøte.*
- 3. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen. Budsjettet må ikkje overskridast utan at det kan visast til dekning innanfor eigne rammer eller gjennom tilleggsøyvingar. Rådmann, økonomisjef og dei andre budsjettansvarlege har eit særleg ansvar for å føre løpande budsjettkontroll.*

5. *Til finansiering av investeringar for 2009 tek Midsund kommune opp lån på 16 mill kroner. Lånet skal betalast attende med like årlege avdrag over ein periode på 40 år slik økonomiplana føreset. Rådmannen får fullmakt til å vurdere tidspunkt for låneopptak i høve den likviditetsmessige situasjonen for kommunen. Rådmannen får vidare fullmakt til å avtale nærare lånevilkår med aktuell låneinstitusjon og til eventuell seinare refinansiering innafor ramma av ovanstående vilkår. Rådmannen får og fullmakt til å binde renta på heile eller deler av låneporteføljen.*
6. *For å sikre framdrift i større investeringsprosjekt skal det nedsetjast ei styringsgruppe/byggjenemnd.*
7. *Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak om ei permanent organisering av barnehagetilbodet innan utgangen av mai.*
8. *Kommunestyret ber om at konsekvensane ved innføring av eigedomsskatt blir utgreidd. Saka blir å legge fram til behandling i første halvår 2009.*

Magne Reiten (SP), Aslaug J. Sanden (H), Eli Linda Nesje (Krf) og Reitar Tangen (TVL) fremma følgjande fellesforslag:

4. *Godtgjersle til ordførar vert uendra frå 2008 til 2009. Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak i løpet av første halvår 2009 om regulering av godtgjersle til ordførar knytta til grunnbeløpet i folketrygda eller tilsvarende system.*

Votering:

Fellesforslag frå formannskapet til punkt 1, punkt 2, punkt 3, punkt 5, punkt 6, punkt 7 og punkt 8, samrøystes vedteke.

Ordførar Helge Orten (H) gjekk frå møtet under behandling av punkt 4.

Varaordførar Magne Reiten (SP) leder møtet.
4 voterande

Fellesforslag fremma av Magne Reiten (SP), Aslaug J. Sanden (H), Eli Linda Nesje (Krf) og Reidar Tangen (TVL) til punkt 4, samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2008

1. Kommunestyret i Midsund vedtek økonomiplanen for perioden 2009 - 2012 i samsvar med framlegget frå formannskapet med dei endringar som er vedtatt i kommunestyremøtet.
2. Kommunestyret i Midsund vedtek budsjettet for år 2009 i samsvar med framlegget frå formannskapet med endringar vedtatt i kommunestyremøte.
3. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen. Budsjettet må ikkje overskridast utan at det kan visast til dekning innanfor eigne rammer eller gjennom tilleggslyyvingar. Rådmann, økonomisjef og dei andre budsjettansvarlege har eit særleg ansvar for å føre løpande budsjettkontroll.

4. Godtgjersle til ordfører vert uendra frå 2008 til 2009. Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak i løpet av første halvår 2009 om regulering av godtgjersle til ordfører knytta til grunnbeløpet i folketrygda eller tilsvarande system.
5. Til finansiering av investeringar for 2009 tek Midsund kommune opp lån på 16 mill kroner. Lånet skal betalast attende med like årlege avdrag over ein periode på 40 år slik økonomiplana føreset. Rådmannen får fullmakt til å vurdere tidspunkt for låneopptak i høve den likviditetsmessige situasjonen for kommunen. Rådmannen får vidare fullmakt til å avtale nærare lånevilkår med aktuell låneinstitusjon og til eventuell seinare refinansiering innafor ramma av ovanstående vilkår. Rådmannen får og fullmakt til å binde renta på heile eller deler av låneporteføljen.
6. For å sikre framdrift i større investeringsprosjekt skal det nedsetjast ei styringsgruppe/byggjenemnd.
7. Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak om ei permanent organisering av barnehage tilbudet innan utgangen av mai.
8. Kommunestyret ber om at konsekvensane ved innføring av eigedomsskatt blir utgreidd. Saka blir å legge fram til behandling i første halvår 2009.

Frank Westad
Kons. rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: